

Regjeringa  
ved Olje- og energidepartementet

30.03.23

## **Høyringsvar frå Sunnmøre regionråd vedkomande Offentleg høyring av NOU 2023: 3 Mer av alt - raskere**

### Om Sunnmøre regionråd

*Sunnmøre regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund.*

*Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.*

*Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser ovanfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan.*

*Sunnmøre regionråd skal vektlegge partnerskap mellom kommunar og næringsliv.*

### Kommunane som energiaktørar

Vi er samde med Energikommisjonen i at det er naudsynt med utbygging av fornybar energi og energieffektivisering. Noreg har mange naturressursar ein kan ta i bruk, og kan bygge eit robust kraftsystem med konkurransedyktige prisar.

Vi meiner at utbygginga av miljøomsyn må gjerast så skånsam som mogleg. Å bygge ut mykje fornybar kraft på kort tid kan medføre store naturinngrep. Auka prosesskontroll til kommunane vert viktig. Samstundes må dette gjerast på ein måte som effektivt nyttar den sakshandsamingskapasiteten som er etablert hjå NVE.

Energikommisjonen viser til at kommunane må få ei aktiv rolle i utviklinga av energibruk. Kommunane er ein sentral energiaktør då dei er plan og bygningsmyndigheit, er storforbrukar av energi i kommunale bygg, eig over halvparten av produksjonskapasiteten for vasskraft og eig lokale og regionale kraftnett.

Sunnmøre regionråd vil i dette høyringsvaret knyte kommentarar til kommunane sine ulike roller som energiaktørar, jf. Energikommisjonen sin rapport.

### **Kommunane som plan- og bygningsmyndighet**

Plan- og bygningslova er eit viktig verktøy for å sikre demokratiske beslutningsprosessar i fleire spørsmål knytt til energiproduksjon og energibruk.

For å kunne gjennomføre eit tiltak ut frå energi,- klima og miljøomsyn er det viktig for kommunane å kunne stille krav til i bygg i reguleringsplanar ut over gjeldande byggteknisk forskrift (TEK).

Energikommisjonen viser til at kommunene er nærast til å sikre seg innsikt i tilgangen på lokale energikjelder og overskotsvarme. Vi støttar Energikommisjonen sitt syn om at kommunane må vurdere moglegheitene for samlokalisering av industri som har overskotsvarme og industri som har varmebehov, bl.a. gjennom reguleringsplanar, samarbeid med industriaktørar og energiselskap.

I mange byar er det etablert fjernvarmeanlegg som mellom anna nyttar overskotsvarme frå avfallsforbrenning. Slike anlegg er viktig for beredskap og som alternativ oppvarmingskjelde til elektrisk kraft. Det er viktig at skattlegging og rammevilkår vert innretta slik at fjernvarmeutbygging fortsatt vil lønne seg. Einsidig innføring av CO<sub>2</sub>-avgift på avfallsforbrenning i Noreg fører til at norske avfallsbrenningsanlegg tapar i konkurransen med svenske anlegg. Energimerkeordninga bør reviderast slik at tilført energi til bygg som fjernvarme vert sidestilt med at eigenproduksjon i bygget.

KS har uttalt at Regjeringa raskt må følgje opp Stortinget sitt anmodningsvedtak frå 2020 om at heile prosessen for avklaring av arealspørsmål ved etablering av vindkraftanlegg på land må foregå etter plan- og bygningslova. Det er viktig at vi ikkje får eit nyttt sakshandsamingslag i kommunane som skal sakshandsame vindkraftsaker parallelt med NVE. Dette vil føre til auka kostnader hjå kommunane og lengre sakshandsamingstid.

Vi meiner at konsesjonar til utbygging av ny, arealkrevjande fornybar energi (sol og vind) må baserast på arealbruksavklaringer som er gjort etter alminnelege prosesskrav i plan og bygningslova. Godkjende arealplanar kan bidra til konfliktavklaring, meir forutsigbarheit for utbyggjarar og meir effektiv konsesjonshandsaming.

Energikommisjonen anbefalar at det vert oppretta eit nasjonalt kompetansesenter for kommunane som skal vere brukerfinansiert. Kompetansesenteret skal vere ein arena for kunnskapsinnhenting og erfaringsutveksling. Arbeidsoppgåver som er nemnt er støtte i konsesjonsbehandling av nye kraftverk, planlegging av prosessar knytt til lokal energiutnyttelse, omgivelsesvarme, samlokalisering av industri og næringsaktørar, samt effektivisering i bygningar og i industrien.

Vi støttar oppretting av eit nasjonalt kompetansesenter, men meiner at det må innførast ordningar som sikrar kompetanseoppbygging i den enkelte kommune/interkommunale samarbeid.

### **Kommunane som eigar av bygningsmasse**

Vi støttar Energikommisjonen sitt syn om at det må utarbeidast ein nasjonal handlingsplan for energieffektivisering som rettar seg mot alle sektorar.

Enova må få eit tydeleg mandat og økonomiske verkemiddel til ei auka satsing på energieffektivisering i kommunale bygg. Det betyr at Enova også må kunne støtte moden teknologi.

Kommunene på Sunnmøre har tidlegare god erfaring med interkommunalt samarbeid om energieffektivisering gjennom Sunnmøre regionråd.

Sunnmøre regionråd vil fråå at det blir stilt krav om at kommunen og offentlege selskap skal vere forplikta til å kun leige bygningsmasse som tilfredsstillar dei strengaste energikrav (A,B). Det kostar meir å vedlikehalde og drive gamle bygg enn nye, og skal eldre bygningar (t.d. Jugendstilbebyggelsen i Ålesund sentrum) kunne bevarast er det viktig at huseigarane kan få leigeinntekter som forsvarer kostnadane. Det er eit miljøavtrykk i riving og oppsetting av nye bygg også.

Utbygging av fornybar kraft frå sol og vind er uregulerbare ressursar. Det gjer oss sårbare for kraftunderskot. I dette perspektivet kan energieffektivisering spele ei stor rolle. Energieffektivisering vil kunne bidra til mindre belastning på naturen, lavare straumpris og lavare utslipp av klimagassar.

Regelverket bør innrettast slik at ein må vurdere den lokale energibalansen i byar og tettstader og ikkje kun isolert på det enkelte bygg. På plassar som har utbygd fjernvarme vil dette kunne vere betre samfunnsøkonomisk og vere meir berekraftig ved at ein gjenbrukar energien som alt er skapt og som alternativt vert tapt.

Det er oftast ei større initiell investering i å tilknytte seg fjernvarmenettet, enn å etablere ei tilsvarande kapasitetssterk tilknytning til el-nettet. Tidlegare støtta Enova tilknytning til fjernvarme, men dette er no tatt bort.

I sin konsekvens betyr det at eksisterande bygg som ligg nær fjernvarmenettet, men som var bygd før fjernvarmenettet kom på plass, ofte ikkje har tilstrekkeleg økonomisk insentiv til å knytte seg til.

Ved prosjektering av nye bygg optimaliserer ein oftast mot lav byggekostnad. Med fjernvarme (som skal ligge under straumpris) optimaliserer ein mot lavare løpande driftskostnadar, men det er vanskelegare å selje inn initielt. Justering av Enova-vilkår kunne løyst dette.

Norge har høg CO<sub>2</sub>-avgift på avfallsforbrenning sammenlikna med Sverige, slik at norske reinhaldsverk sender avfall til Sverige for forbrenning der. Dette er faktisk eksport av energi som vi med fordel kunne utnytta her i landet.

Konkret har vi for ikkje lenge sidan hatt ein situasjon lokalt der Tafjord kraftvarme i ein periode ikkje hadde nok avfall til forbrenning, og derfor måtte supplere med tung bruk av el-kjel. Situasjonar som dette og lang transport av avfall oppstår som følgje av ulike rammevilkår (CO<sub>2</sub>-avgift) i den nordiske avfallsmarknaden.

Det må fokuserast på rammevilkår for ei sterkare satsing på og utvikling av fjernvarmesystema. Det vil så vidt vi kan forstå vere vesentleg billigare enn kostnadane med differansekontrakter for flytande havvind 250 km til havs (dvs Nordsjø II-utlysinga).

### **Kommunane som eigar av kraftnett og produksjonskapasitet**

#### **Kraftnett**

Energikommisjonen peikar på at nettstrukturen i større grad bør byggast ut i forkant av utviklinga i forbruket. Vi støttar dette, og meiner at ein må utnytte noverande nett best mogleg til akseptabel risiko (t.d. ved ny teknologi) og at planlagte nettførsterkingar må gjennomførast raskare.

Innteksreguleringsmodellen for nettselskap bør endrast slik at nettselskap/nettkundar blir meir avlasta for den økonomiske risikoen det medfører å bygge nettkapasitet i forkant av behovet. Nettselskapa må får behalde alle tariffinntekter frå innmating av produksjon i det lokale distribusjons- og regionalnettet.

I høve til det europeiske kraftsystemet meiner vi at Noreg bør investere i kraftnett for å ta imot overskotkraft frå andre land som gjer store investeringar i uregulerbar vind og solkraft. Når det er sviktande sol- og vindforhold kan Noreg auke effektproduksjonen (sjå nedanfor om vasskraft) for å støtte kraftnettet.

Vi meiner at det må byggast ut kraftnett til ny industri, slik at ein ikkje går glipp av nye arbeidsplassar. Fornybar energi bør styrast mot næringar som gir størst verdiskaping.

### Vasskraft

Sunnmøre regionråd meiner det er viktigare å maksimere verdiskapinga i energiproduksjon heller enn å maksimere sjølve energiproduksjonen. Dette er det særleg Noreg som har moglegheit til, ved å prioritere prosjekt som gir auka effektproduksjon i våre magasinkraftverk, i kombinasjon med tilførsel av ytterlegare vassressursar til eksisterande magasin.

Danmark, Tyskland, Nederland og Storbritannia reagerer på bortfall av russiske gassressursar med ei storsatsing på havvind i Østersjøen og Nordsjøen fram mot 2030-2040. Spesielt flytande havvind som er den dyraste forma for energiproduksjon, krev statlege subsidiar eller sokalla differansekontraktar for at energiprodusentane skal bygge ut.

Alt i dag ser ein priskollaps i fleire prisområde når det er masse vind i Nordsjøen, der produsentane faktisk må betale for å bli kvitt energi ein del av tida. Dette bildet vil truleg berre forsterke seg som følge av vedvarande flaskehalsar i transmisjonsnettet. Lønsemda for ei norsk satsing på havvind på toppen av storutbygginga som andre land gjer, vil derfor neppe vere tilfredstillande med mindre Noreg også bygg om sin kraftinfrastruktur til å kunne ta i mot store mengder overskotsenergi når den er tilgjengeleg samt eksportere effekt når det er behov for det. Det betyr prioritering av:

- Eksisterande magasinkraftverk, spesielt i Sør-Noreg, riggast for effektproduksjon.
- Etablere fleire pumpekraftverk der forholda ligg til rette for det.
- Transmisjonsnettet må kunne flytte overskotsenergi frå Nordsjøen til Aust- og Midt-Noreg
- Må kunne eksportere stor effekt når det er lite vindkraft tilgjengeleg og prisane er høge, vil krevje fleire kablar for overføring av balansekraft mot Nord-Europa.

Kulepunkta over medfører veldig store og viktige investeringar i nye turbinar, vassvegar, linjenett m.m. så det er vesentleg at andre land tar ein relativt større andel av investeringar i vindkraft-utbygging, særleg den mest kostbare utbygginga til havs.

Ingen land kan fase ut fossilbasert energiproduksjon dersom ein ikkje er i stand til å balansere nettet i vindstille periodar, og foreløpig er ikkje energilagring i hydrogen, batteri eller liknande realiserbart. Noreg kan gi eit unikt positivt bidrag til kutt av CO<sub>2</sub>-utslepp i det Europeiske kraftsystemet, då vi har 50% av Europas kraftmagasineringskapasitet.

Utfordringa Noreg må løyse krev at ein for vasskrafta sin del tek nokre grep utover å fornye nokre turbinar og aggregat for å hente ut 2% meir energi i eit gammalt kraftverk. Potensialet for ny naudsynt energi- og effekt-produksjon er stort ved å tappe ein del av vatnet som i dag kjem frå høgtliggande magasin ved vass-skiljet og renn til dels uutnytta i Gudbrandsdalslågen, vestover mot Tyin/Årdal, Kaldhusseter/Tafjord og Aursjøen/Sunndal. Samtidig gir det viktig flaumkontroll i Gudbrandsdalen, som både historisk har opplevd og i framtida vil vere utsett for katastrofale flaumhendingar. Også nordsvenske innsjøar nær norskegrensa kan potensielt tappast mot nordnorske fjordar for effektproduksjon, i staden for ei rekke elvekraftverk mot Bottenvika.

Dersom tiltaka som Noreg bør gjennomføre for å bidra til å balansere kraftsystemet ikkje er bedriftsøkonomisk lønsamt for den enkelte kraftprodusent med dagens marknadsdesign, bør det vere grunnlag for særskilt EU-bidrag. I kraft av nøkkelrolla Noreg kan ta innan naudsynt kraftbalansering, er det heller ikkje utenkeleg med særlege tilpasningar om det er naudsynt for brei norsk aksept. T.d. vedrørande nye utenlandskablar.

### Vindkraft

Energikommisjonen trekkjer fram auka satsing på landvind og flytande havvind. Når det gjeld utbygging av vindkraft, meiner vi at det bør utarbeidast planar og gjennomførast kartleggingar.

Mørebankene utanfor Mørkysten er ein sær s viktig fiskebanke og gyteplass for norsk vårgytende sild - ein av dei største fiskebestandane i verda. Mørebankane er også gyteplass for ei rekke andre fiskearter. I vurdering av områder langs kysten for utbygging av havvind og andre installasjonar til havs, er det viktig å utvise ekstra stor varsemnd i og rundt desse ressursrike områda utanfor Mørkysten.

Energikommisjonen anbefalar at ein fast andel på 15 prosent av grunnrenteskatten til staten frå det enkelte vindkraftanlegg skal tilfalle den berørte kommunen som stiller sine naturressurser til disposisjon for storsamfunnet. Vi støttar dette.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sin plan fra 2019 peikar m.a. på områder på søre Sunnmøre som aktuelle for lokalisering av ny vindkraft.

Energikommisjonen understreker at arbeidet med å gi vertskommunane auka innflytelse i vindkraftsaker gjennom plan- og bygningslova må ferdigstillast. Vi meiner det er viktig at vindkraftsaker er underlagt demokratiske beslutningsprosessar i vertskommunane.

### Biogass

Eit alternativ som balansekraft kan vere biogass. Skal potensialet for biogass realiserast, må det etablerast nye, komplette verdikjeder der både produksjonskapasitet og avtak av gassen kjem på plass samtidig. Oppbygging av ein slik verdikjede vil krevje økonomiske verkemiddel i ein startfase. Biogass kan m.a. nyttast i tungtransport og sjøtransport.

### Solkraft

Når det gjeld solkraft, meiner vi det må utformast ein meir heilskapleg politikk for solkraft montert på bygg og bakke. Strategi for solkraft på bør leggje til rette for områdeløysingar og deling av lokalprodusert straum og energilagring. Innpassing i kraftmarknaden, byggesakshandsaming, og krav i teknisk byggforskrift for nye og rehabiliterte bygg, bør vere del av strategien. Unntak for søknadsplikt i plan- og bygningslova for bygning må utvidast til å gjelde fleire bygg og solkraftanlegg.

### Verdiskaping i kommunane

Energikommisjonen peikar på at investeringar i fornybar kraft krev langsiktigheit. Vi støttar dette. Heile kraftskatteregimet må gjennomgåast og forankrast i eit breitt politisk forlik.

Energikommisjonen er tydeleg på at ein større del av verdiskapinga må tilfalle vertskommunen. Det må gjerast attraktiv å bruke naturen ved at ressursar som eigarskap, arbeidsplassar og pengar i stor grad må bli verande i lokalsamfunna. Vertskommunane for kraftproduksjon må sitje igjen med ein rettmessig kompensasjon for dei naturinngrepa som kraftproduksjonen medfører. Ordningane må også vere føreseielege og lovfesta, slik at kommunane veit kva dette vil innebere av kompensasjon.

Det grå fram av Energikommisjonen sin rapport s. 23 at «Det er avgjørende at samfunnskontrakten mellom storsamfunnet og de berørte lokalsamfunn som vår vannkraftshistorie bygger på, videreføres».

Vi meiner at kompensasjonsordningane må minst vere på dagens nivå for vasskraftproduksjon, og også knytast til vindkraftproduksjon, dersom lokalsamfunn/kommunar skal kunne tenkje seg å stille naturen sin til disposisjon.

Alle grunnrenteskattar som vert innført eller endra må følgje kontanstraumsprinsippet. Forslaget til lovendring som no er på høyring bryt med dette kontantstraumsprinsippet. Det er viktig at dette skatteregimet vert gjort langsiktig forutsigbart for industrien som skal utvikle fornybar energi.

Vi støttar fleirtalet i Energikommisjonen si anbefaling om at produksjonsavgifta må sikrast indeksregulert kvart femte år for ikkje å miste sin rettmessige verdi i løpet av tildelt konsesjonsperiode.

Med helsing  
Sunnmøre regionråd

Vebjørn Krogsæter  
styreleiar

Jan Kåre Aurdal  
dagleg leiar

Kopi: Deltakarkommunane i Sunnmøre regionråd